



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 332.1

Sak nr 6/2020

Møtedato: 11.2.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum


## Nytt massetak til Murkelivegen

Stølsvegen Vaset-Murkelie v/Knut Arild Thon har kome med innspel til kommuneplan om nytt massetak for stølsvegen.

Stølsvegen har i dag massetak ved Vaset og det er ikkje att meir skikka grus utanom det som er ferdig knust; ca. 350 m<sup>3</sup>. Dette vil bli brukt til vedlikehald på stølsvegen og oppgrusing av veg til nytt massetak. Noko grus vil òg gå med til oppgrusing av gamal gruve før stenging. Stølsvegen har derfor behov for ei ny grusgruve.

Nytt massetak dei ynskjer å ta i bruk ligg nord for Murkelie og sør for Sørre Trøllhøvd. Fjellstyret laga ei grusplan i 1997 og massetaket er lokalitet nr. 15 i denne planen. I følgje registrering er det her ca. 25.000 m<sup>3</sup> med grus. Når det i behov for meir grus, kan uttaket utvidast til nr. 16. I denne lokaliteten er det registert 50.000 m<sup>3</sup>. Kvaliteten på dei to lokalitetane er omtrent lik. Kvaliteten på massen er relativt god og er ved steinknust skikka til veggrus for veg med moderat trafikk. Avstand til Murkelivegen er ca. 700 meter.

I plan er det undersøkt fleire lokalitetar som ligg nærare Murkelivegen, men kvaliteten er ikkje skikka til veggrus. Det er eit anna alternativ ved Røvsalin, lokalitet nr. 24, men denne har berre 15.000 m<sup>3</sup>. Om ein ser det i eit lengre tidsperspektiv, vil dette ikkje vera så godt alternativ. Ved denne lokaliteten er det registert kolgroper.



Det er ei ulempe at lokaliteten ligg i eit urørt område, men det er ikkje andre gode alternativ til nytt massetak. Det kan vera eit alternativ å køyre masse frå massetaket ved Grøneli, men dette blir ein ekstra kostnad for ein stølsveg med relativt dårleg økonomi.

Før fjellstyret gir uttale til å innarbeide masetaket i kommuneplan, må fjellstyret leggja søknaden ut til offentleg ettersyn.

### Framlegg til vedtak:

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn.

### Vedtak:

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn.

Vedtaket er samrøystes.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.2.20

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog  
Stølsvegen Vaset-Murkelie v/Knut Arild Thon